

# Årsmelding 2012

## Velledalen I.L.



### Sakliste:

1. Godkjenne sakliste og møteinnkalling
2. Val av to repr. til å skrive under protokoll
3. Val av skrivar og møteleiar
4. Årsmeldingar
5. Rekneskap
6. Innkomne saker
7. Val

# Årsmelding – Hovudstyret 2012

## STYRET 2012

Atle Hole, leiar  
Karstein Jensen, nestleiar  
Asgeir Rausand, kasserar  
Ove Skylstad, sekretær  
Sandra Hubo, styremedlem  
Marit Hole, styremedlem  
Irene Johansen, styremedlem

Vara: Linn Tove Akselvoll (1.vara), Liv Nordli Hole (2.vara)

Laget har i siste arbeidsår berre hatt fire styremøte der heile hovudstyret har vore innkalla. Men det har vore mange møter i mindre grupperingar, eksempelvis med gruppeleiarane før aktivitetdagen. Like eins har styret for Førjulsmessa hatt mange møter. Det ein kan kalle «store saker», har det vore lite av i siste arbeidsår. Frammøtet har vore brukbart, med tanke på at fleire jobbar skift. Elisabeth Urke har framleis fungert som ullmax-ansvarleg, siste året frå ein posisjon utanom styret.

## MEDLEMSTAL:

Medlemstalet er diverre det lavaste vi har hatt siste tiårsbolken. Her må det gjerast grep. Saka vart drøfta på siste styremøte. Ein kom til at årsakene var fleire, men den største svikten ligg i svake purrerutiner.

	0-5	6-12	13-19	20-25	26+	Sum
2001	13	34	25	2	75	149
2002	14	51	24	1	100	190
2003	17	49	26	3	98	193
2004	15	43	29	2	98	187
2005	8	41	31	0	83	163
2006	7	62	29	4	94	196
2007	8	51	41	6	138	244
2008	11	48	35	5	132	231
2009	11	42	44	9	125	231
2010	10	23	27	7	112	179
2011	7	44	23	3	115	192
2012	8	30	21	6	83	148

Laget har seks æresmedlemar, fem menn og ei kvinne. Éin over 90 år, éin 80-90, éin 70-80, tre 50-60.

## ØKONOMISK SOLID

Økonomien er, nær sagt som vanleg siste åra, god. Viser til reknskapstala, men nemner at største inntektskjelda siste året var Førjulsmessa med kring 70 000 kroner netto (delt på to). Grasrotmidlane kjem som ein god nummer to. Her kom inn 26 762 kroner i 2012

Oversikt over grasrotkroner - og grasrotspelarar ved utgangen av året (i parentes):

2009: 15 736 (55)

2010: 23 248 (73)

2011: 23 656 (76)

2012: 26 762 (81)

Lokale firma som Holmberg gartneri, Morten Holmberg, Hole Maskiner og har vore solide støttespelarar i 2010. I tillegg har ei lang rekkje firma og organisasjonar bidrege med premiestøtte til arrangement som Konradløpa, Fjellsæterrunden, Førjuls-messa med fleire. Stor takk til premiekomitéen (Odd-Kåre, Marit og Linn Tove) for ein kjempejobb på dette feltet!

### **ULLMAX**

Sal av ullmaxunderty vart starta andre halvår 2006, etter at Morten Holmberg hjelpte oss gjennom nålauget. VIL sit att med om lag 30 prosent av salssummen. Elisabeth har gjort ein kjempeinnsats på dette feltet også i 2012. VIL hadde eigen stand under Førjuls-messa, drifta av Elisabeth, med godt sal. I tillegg til Elisabeth burde «teamet» vore styrka med minst éin person, helst frå styret. Potensialet er langt større enn vi tek ut.

### **ARRANGEMENT**

VIL har hatt mange arrangement siste året, noko som er breiare skildra i gruppene sine årsmeldingar. Av arrangement som etter kvart har vorte meir eller mindre faste nemner vi:

GRILLKVELD BRUNSTADSÆTRA  
FJELLSÆTERRUNDEN  
MINIKONRAD  
KONRADLØPET  
KOLDABAKKEN GRAND PRIX  
DET STORE FOLKERENNET – vart ikkje arrangert  
FETVATNET RUNDT – vart ikkje arrangert  
AKTIVITETSDAG  
RAMSTADDALSLØPET  
FØRJULSMESSA  
ROMJULSMARSJ

I tillegg kjem fleire mindre aktivitetar, renn og arrangement som vil varierer frå år til år

### **ANLEGG**

I 2010 skreiv Velledalen IL og VRF under ein ny avtale vedkomande Dalemyra grasbane. Denne avtalen gjeld enno. Eit nytt fotballsamarbeid er under emning, det kan vere naturleg med ei justering av avtalen i det høvet.

### **REPRESENTASJON**

Linn Tove Akselvoll Lade har vore VIL sin representant i styret for Lag på Lag. Samskipnaden har hatt ei rekkje arrangement for å skaffe pengar til Velledalen grendahus. 148 000 vart samla inn i 2012. Odd Kåre Fet representerer Velledalen IL i styret i Sykkylven Idrettsråd.

### **STORT & SMÅTT**

**Har ikkje kome ut siste året. Arbeidet med heimesida har hatt høgare prioritet.**

### **HEIMESIDA**

VIL fekk eiga heimeside i desember 2007. Den ligg som link under [www.velledalen.net](http://www.velledalen.net). Sida har heile tida hatt god utvikling, med ein auke i antal treff kvart år. I 2012 vart det lagt ut 510 ulike saker, ein solid auke frå 376 året før. Nettsida er drifta av Liv og Atle Hole. Utviklinga år for år ser slik ut:

2008: 4 169 treff

2009: 13 815 treff  
2010: 19 164 treff – 294 saker  
2011: 27 659 treff – 376 saker  
2012: 33 804 treff – 510 saker

Gruppene/idrettsskulen må bli enno flinkare til å bruke sida. Alle resultat og nyhende bør meldast. Kjem alt med, er sida ei god hjelpekjelde når gruppene skal skrive årsmeldingane sine.

### **OPPSUMMERING**

Velledalen IL har hatt eit jamt bra år i 2012. Vi har etter kvart vorte eit idrettslag for heile bygda. Rett nok bur dei fleste av medlemmane i Velledalen. Men ser vi på toppverva (gruppeleiarar, idrettsskuleleiar og leiar hovudstyret) i laget, finn ein at 2 bur i Velledalen 2 utanfor. Av dei 12 vaksne som har representert VIL utanfor kommuna i 2012 bur to i Velledalen, ti utanfor. Av laget sine ni KM-titlar dei siste 20 åra er to tekne av utøvarar busette i Velledalen, sju av utøvarar utanom dalen.

Idrettsskulen held stand og er inne i sin 21. sesong under leiing av Julie Brochmann. Eit av måla bør vere å få ein meir aktiv barneidrett i laget. Det er å vone at den nye lysløypa kan blåse nytt liv i skirekutteringa og at friidrettsgruppa kan kome i gang med eit opplegg for yngre. Her hadde ein positive treningar før Konradløpa i 2012

Vi er framleis sterke på arrangementsida med mange gode tilskipingar under trim&trivsel-fana . Her kjem småborn, foreldre og besteforeldre side om side. Dette er styrken vår og vi har hausta mykje ros for dette.

Sjølv om medlemstalet har stupt, har laget ein høg posisjon mellom folket. At VIL i skrivande stund har nøyaktig like mange grasrotspelarar som VRF, Velledalskoret og Velledalen skulekorps tilsaman (82), ville vore heilt utenkjeleg for berre 10-15 år sidan. Dette har med omdømebygging å gjere. Her har vi sterke kort i Romjulsmarsjen, Ramstaddalsløpet, Konradløpa, Fetvatnet Rundt, Grillkveld på Brunstadsætra og Det Store Folkerennet – berre for å nemne nokre.

### **IDRETTSGALLA**

3.januar 2013 vart det halde idrettsgalla med utdeling av prisar for året 2012. Desse prisane vart delte ut:

«Årets Utøvar 2012»: Nils Terje Skylstad  
«Folket sin idrettspris 2012»: Svein Arne Nakken  
«Årets trimpostvinnar 2012»: Vigdis Fure  
«Årets Overrasking»: Solveig Beate Brunstad  
«Årets Utflyttar»: Sverre Gunnar Brunstad  
«Årets Hardhaus»: Andreas Nakken  
«Timing-prisen»: Eldar Kurseth  
«Jubilantprisen»: Odd-Kåre Fet  
«Årets stunt»: Christina Holmberg og Kjell Magnar Berli  
«Jentebloggprisen»: Hilde Tandstad, Christina Holmberg og Ellen Hole

I tillegg vart det delt ut premie til dei ulike trimpostvinnarane, og til dei tre beste samanlaget. Og det vart vist film frå idrettsåret 2012, i ei sosial ramme med kaffi, brus, kake og god prat.

Hovudstyret takkar dei mange som har gjort store og små innsatsar for VIL i året 2012.

Takka vere alle gode hjelparane kan vi nok eit år slå fast at vi har vore bidragsytarar til den vara vi held som viktigast; TRIM og TRIVSEL til alle lag av folket

For Hovudstyret  
Atle Jomar Hole  
leiar

## Årsmelding frå (hopp-) og langrennsgruppa sesongen 2011 - 2012

Langrennsgruppa har hatt denne samansetninga:

Svein Arne Nakken (leiar), Bård Erstad, Pål Rune Fet, Magne Nilsen, Asbjørn Tandstad og Ole Johnny Myrseth. Atle Hole har også vore med som støttespelar der det har vore aktuelt.

Langrennsgruppa er i år, som i fjor, godt nøgd med aktiviteten til seniorløparane som har representert Velledalen IL i sesongen 2011-2012. Vi har ein del seniorar som deltek aktivt, men mellom dei aldersbestemte er aktiviteten dessverre på eit definitivt lavmål.

Langrennsgruppa har hatt fem gruppemøte i løpet av arbeidsåret. Tema på desse møta har vore konstituering av gruppa, planleggjing i forkant av arrangement og evaluering i etterkant. I tillegg har det vore ein del telefonering når det har vore behov for det. Velledalen IL har i 2012 vore med å arrangere Fjellsæterrunden saman med dei andre idrettslaga i kommunen. Åleine hadde vi planar om å arrangere Det Store Folkerenet, men grunna dårlege verforhold dei aktuelle helgane vi hadde blinka ut, måtte vi avlyse arrangementet.

### Ramstaddalsløpet:

Langrennsgruppa, i nært samarbeid med leiar Atle Hole, tok også på seg å planleggje og gjennomføre Ramstaddalsløpet. Dette løpet er ein medlemsstafett for medlemmer og sympatisørar i Velledalen IL. Løpet vart gjennomført laurdag 29. september med start frå Joker-Velledalen kl. 09.30. Løpet samla 42 løparar fordelt på 46 etappar. Traséen gjekk frå butikken, via Fjellsæterområdet til Fausaskiftet. Vidare Fasteindalen og Ramstaddalen til Aure. Over Sykkylvsbrua til Straumgjerde, Straumsheim, Fet og gamlevegen framatt til butikken.

Løpet vart gjennomført på 4.01.49 timar (mot 3.43.45 timar i 2011). Yngste deltakar var Sevrin Skotheim Horthol på tre år. Olaf Øien var den eldste. Anita og Svein Nakken var fylgjebil og heldt kontroll på etappetidene og fotografering av deltakarane. I tillegg deltok dei også sjølve i stafetten. Etter målkomst møttest deltakarane til marsipankakefest i lokala til Velledalen Naturbarnehage. På kaka stod det mellom anna "88.888" som skulle symbolisere at nettsida til Velledalen IL har passert 88.888 "treff"

Litt meir om arrangementa som laget har vore med å arrangere i løpet av året:

Den 35. utgåva av Fjellsæterrunden gjekk av stabelen søndag 26. februar med desse harde fakta: Barnas Fjellsæterrunde 124 deltakarar, Trimregistrerte 53 stk., Konkurransklassene (15 år og eldre) 59 fullførande, herav seks kvinner (i 2011 var deltakartalet 41). Dette utgjer totalt 236 deltakarar fordelt på 22 klubbar og fire bedriftsløparar frå fire ulike verksemdar. Frå Velledalen IL stilte trioan Stian Mork, Ole Johnny Myrseth og Svein Arne Nakken. Alf Petter Bøe deltok i bedriftsklassa for Ekornes BIL. Emblem IL stakk av med premien for beste tremannslag.

Velledalen IL hadde som vanleg ansvaret med løypene og å stille med habile løypevakter. I år som dei føregåande åra samla vi alle løypevaktene på torsdagen før løpet for at dei skulle få utveksle viktige erfaringar og legge planar i forkant av rennet.

Som vanleg var det Pål Rune Fet (løypesjef) og Svein Arne Nakken (ansvarleg for sporlegginga) som tok seg av løypene. Magne Nilsen og Pål Rune hadde samtidig ansvaret for tilretteleggjing og merking av stadionområdet. Vidare har Lars Inge Sæther vore tungt inne når det gjeld nettregistrering og brikketidtaking som var nytt av året.

Fjellsæterrunden gjekk av stabelen under flotte forhold, og rennvinnar vart som ofte før, Knut Anders Hatlen frå Stranda IL med tida 1.16.15 timar. Rennet gjekk i år som i fjor i originaltraséen rundt Nysætervatnet.

Langrennsgruppa vil med dette få takke maskinførarane ved Skisenteret for god hjelp med å preparere traséen, og elles for svært gode løyper i Fjellsæterområdet gjennom heile vinteren.

Nytt frå lysløypekomiteen for lysløypa på Fjellsætra:

Lysløypa, som det har blitt arbeidd med i mange år, vart ferdig-planert hausten 2012. Dessverre viste det seg at løypa nokre stader låg utanfor disponibelt område. Lysløypekomiteén med Steinar Myrseth i spissen arbeider no med å få i stand ein avtale med grunneigarane på Dravlaus slik at arbeidet med lysløypa kan halde fram når snøen er borte. Der traséen ligg feil, må løypa leggjast om og til disponibelt område. Planen er å få på plass lysa til skisesongen 2013-2014. Sykkylven Skisenter med Tore Utgård i spissen står stå som formelle utbyggjarar av anlegget. Dei har også gitt ein bankgaranti for nødvendige summer slik at anleggsarbeidet kan gå sin gang. Vidare har mange verksemder gitt pengestøtte til den nye løypa.

Utover våren og sommaren vil det truleg bli behov for ein del dugnadsarbeid, og vi håper at bygdefolket frå heile kommunen vil stille velvillig opp.

Dei aktive skiløparane i Velledalen IL, sesongen 2011-2012:

Stian Mork, Ole Johnny Myrseth, Eldar Kurseth, Kjell Magnar Berli, Svein Arne Nakken, Rolf Haxthow og Terje Aurdal, i tillegg Jan Ringseth (hopp). Desse løparane har representert laget i inn- og utland og profilert idrettslaget på ein god måte. (For resultat og anna info, gå inn på [www.velledalen.net/idrettslaget](http://www.velledalen.net/idrettslaget) og leit under arkiv.

Takk til alle som har stilt opp for laget og gruppa anten som deltakar, funksjonær eller anna i sesongen 2011-2012.

Straumgjerde 3. februar 2013

For Velledalen IL, langrennsgruppa  
Svein Arne Nakken, gruppeleiar

## ÅRSMELDING Trimgruppa

Medlemmane i trimgruppa for 2012:

Gudrun Wangsmo  
Turid Bøkestad Fet  
Marit Hole  
Arnt Brunstad  
Bjørg Frøystad Hole  
Nils Terje Skylstad  
Hans-Olof Holmberg

Varamedlemmar : Bengt Alnes og Robin Urke Brunstad

Gruppa har hatt tre møte gjennom året . Gruppa oppfyller kravet til kjønnsfordeling , og kan melde om godt arbeidsmiljø. Vi har heller ikkje ureina det ytre miljø.

Programmet for året 2012 sette vi opp slik:

18.mars	Kveldstur m/bål Fjellsetra
24.juni	Hytteopning Storevatnet
7.juli	Grillkveld Brunstadsetra
25. – 26.august	Bremanger
9.September	Paviljongen på Roalden – retur Svartevatnet
14.okt	Trimbingo Regndalen
26.des	Romjulsmarsj

### Årsprogrammet

#### **Kveldstur m/bål Fjellsetra**

Det vart 25. mars vi arrangerte turen, og det var ein sjeldan fin søndagskveld på fjellet. Det er mogleg fleire hadde vore på fjellet tidlegare på dagen, og ikkje ville ta ut ein gong til. Berre 7 enkle sjeler møtte opp ved skiftet til Drabløstølen kl.18.00. Men vi rusla innover løypa mot Storhaugen, og eit stykke før vi kom dit, fann vi oss ein fin furulund. Der vart det fyrt bål og grilla pølse, medan vi betrakta den fine naturen rundt oss. Etter ein god matbit og prat rundt bålet, starta vi turen tilbake i skumringa. Ca. kl.21.00 var vi tilbake til utgangspunktet.

## **Hytteopning Storevatnet/Brunstadkølen**

Offisiell opning av hytta, samtidig som Fjøre til fjells hadde fellestur hit, skapte nærast kø i råsa frå Brunstadstra. Og ein finare sommardag kunne ein ikkje få. Så mykje folk har her heilt sikkert ikkje vore samla før. I utgangspunktet skulle Trimgruppa ha eit opplegg denne dagen, men det var før vi visste kva Fjøre til fjells folket hadde planlagt. For ikkje å ha konkurrerende opplegg, la vi bort trimgruppa sine planar. Bortset frå Arnt som hadde ein travel dag, begrensa trimgruppa sitt arbeid seg til å hente litt kaffevatn mellom isflaka.

## **Grillkveld Brunstadsetra**

Nær sagt som vanleg traff vi ein flott sommardag med grillkvelden. Og folket strøymde til i store mengder. Vi synest særleg å registrere mykje born, og det er flott. Det ser vi også på salet, då det går mykje pølser og hamburgarar, medan salet av grilltallerken verkar å dabbe litt av.

## **Bremanger**

Tanken var å reise til Kvalvåg i Bremanger og overnatte på Knutholmen, for så å bestige Hornelen på søndag. I utgangspunktet hadde vi 10-12 interesserte, så vi bestilte plass på Knutholmen. Men etterkvart minka interessa, og fleire måtte gi avbud. Til slutt var det så få igjen, at vi ikkje såg noko poeng å arrangere turen.

## **Paviljongen Roalden**

Vi gjorde eit nytt forsøk dette året, etter at turen ikkje vart gjennomført sist vi hadde den på planen. Denne søndagen klaffa alt. Strålande vèr og godt oppmøte. Til slutt var vi 30 stk som kunne stige ombord i dei berømte gondolane, som løfta oss stille og roleg mot toppen. Odd-Kåre og Grethe synest dette vart for roleg start på dagen, så dei hadde tatt beina fatt opp den lang motbakken. Vel oppe vart det kaffe og litt kaker i den store paviljongen. Etter ei kort rådslaging vart det bestemt at nokre hadde lyst til å ta tilbaketuren via toppen på Roalden, Kleivdalsfjellet og ned igjen til Svartevatnet. Dei andre ville enten gå ned vegen frå paviljongen eller ta gondolbana ned igjen. Det vart ein fin tur for alle, og vi må berømme Leif Alnes for å fullføre den lange turen via Kleivdalsfjellet til Svartevatnet i fin stil. Det var ikkje så lenge sidan han måtte ha hjelp for å få hjartet i orden igjen.

## **Trimbingo Myrdalen**

Etter å ha vurdert føreforholda kom vi til at Regndalen ikkje var det ideelle turmålet denne tida, men Myrdalen var eit godt alternativ. Det vart nok ein flott søndag for tur. Hans- Olof var klar med bingolappane ved Lafabrikken, og fekk etter kvart god omsetning. Det vart mange som tok turen gjennom Holemarka og opp den gamle sætrevegen til Myrdalen. Dette er også ein barnevennleg tur, og mange hadde tatt med borna.



## Romjulsmarsj 2012

Sjølv om denne desemberdagen kunne vise både vèr, temperatur og føre som ein sjeldan finn på denne årstida, var det ikkje så mange som let seg friste. Men dei som tok eg ein tur, angra sikkert ikkje. I trimgruppa har vi statistikk for oppmøtet denne dagen tilbake til 1991.

Årstal	1991	1992	1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999
Antal	121	223	132	Manglar	Manglar	158	206	144	110

Årstal	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Antal	111	177	171	151	131	194	161	130	193

Årstal	2009	2010	2011	2012					
Antal	146	106	Avlyst	110					

## Idrettsmerkeprøver

På aktivitetdagen hadde vi idrettsmerkeprøver, med det var lavt oppmøte. Det sure vèret kan kanskje forklare noko. Vi har også stilt opp eit par andre kveldar for hjelpe dei som gjerne vil ta merket. Utanom det har vi ikkje arrangerte nokon eigen dag for å kunne ta idrettsmerket. Antalet som har tatt merket er vesentleg lavare enn i 2011.

Desse avla prøvene for idrettsmerket i 2012:

Paul Hole	49.gong
Grethe Fet	47.gong
Odd-Kåre Fet	44.gong
Ragnhild A. Fet	41.gong
Arild Lade	28.gong
Kari Solaas	23.gong
Svein Arne Nakken	19.gong
Per-Gunnar Homlberg	8.gong

Vi ser at Paul går mot sitt 50.merke i 2013. Også Grethe og Odd-Kåre er på god veg.Ein honnør til desse. Og Ragnhild som fekk merke nr. 40 i 2012.

## TRIMPOSTANE

I året 2012 hadde vi 12 trimkasser ute. Vi hadde ei mellombels nedlegging av posten Skogsvegen Drabløs. Men posten er på plass igjen for 2013 med både ny kasse og ny plassering ( litt kortare å gå ). Når det gjeld besøket på dei ulike postane, viser vi til oversikta under.

	SAMLA BESØK 2012		
	2012	2011	2 010
Skogsvegen Drabløs	0	70	144
Skogsvegen Hjorthol	705	592	698
Sætreelva Holemarka	1 387	1 308	1 322
Skogsvegen Fet	1 487	1 308	1 190
Brunstadsætra	2 274	2 283	2 786
Vellesætra	1 113	1 292	1 664
Dammen Riksheimdalen	1 744	1 429	1 787
Høgsætra Fet	122	150	91
Koppen	323	239	284
Myrdalsfjellet	355	481	348
Regndalen	290	724	419
Holetindane	100	81	112
Samla besøk	9 900	9 957	10 845
Brune Straumgjerde	4 202	4 851	4 135
	14 102	14 808	14 980

## FEM PÅ TOPP 2012

Vi skal ikkje bruke så mykje plass på å kommentere lista, men kan registrere at mange av dei "gamle" travarane enno held koken. Samtidig som nokre nye namn også kjemper seg inn på listene. På nokre av postane må vi nesten kalle det kamp å kome med.

<b>MYRDALSFJELLET</b> Antal noteringar: 355	<b>Antal turar</b>	<b>HOLETINDANE</b> Antal noteringar: 100	<b>Antal turar</b>
1) Elling Hole	85	1) Nils Terje Skylstad	19
2) Eldrid Myhre	20	2) Per-Gunnar Holmberg	6
3) Ingrid Brudevoll	18	3) Rune Nilsen	5
Nils Terje Skylstad	18	4) Arnhild Linga	4
5) Kari Hjorthol	13	5) Svein Linga	3
<b>SÆTREELVA HOLEMARKA</b> Antal noteringar: 1387	<b>Antal turar</b>	<b>SKOGSVEGEN HJORTHOL</b> Antal noteringar: 705	<b>Antal turar</b>
1) Elling Hole	134	1) Anita Hjorthol	129
2) Ann-Helen Hole	110	2) Hanne Ulset	98
3) Nils Terje Skylstad	108	3) Ingrid Brudevoll	76
4) Ingrid Hole	100	4) Svein Hjorthol	22
5) Susann R. Osnes	98	5) Jan Lade	17
<b>KOPPEN</b> Antal noteringar: 323	<b>Antal turar</b>	<b>BRUNSTADSÆTRA</b> Antal noteringar: 2274	<b>Antal turar</b>
1) Anita Hjorthol	17	1) Inger Anne Brunstad	186

2) Åge Vanebo	11	2) Arnhild Linga	132
3) Svein Hjorthol	10	3) Torhild Skogvold	102
Kjell Magnar Berli	10	4) Marianne Urke	74
5) Veronika Ulriksen	8	5) Liv Skogvold	60
<b>VELLESÆTRA</b>	<b>Antal</b>	<b>REGNDALEN</b>	<b>Antal</b>
Antal noteringar: 1113	<b>turar</b>	Antal noteringar: 290	<b>turar</b>
1) Torhild Skogvold	142	1) Geir Grebstad	14
2) Arnhild Linga	126	2) Kris-Levi Hansen	9
3) Liv Skogvold	46	Kai Skylstad	9
4) Marianne Urke	41	4) William Hansen	8
5) Alf Petter Bøe	24	Linda Kristin Øye	8
<b>HØGSÆTRA FET</b>	<b>Antal</b>	<b>SKOGSVEGEN FET</b>	<b>Antal</b>
Antal noteringar: 122	<b>turar</b>	Antal noteringar: 1487	<b>turar</b>
1) Per Svein Fet	17	1) Grethe Fet	328
2) Anne Karin Fet	13	1) Astrid L. Drabløs	324
3) Helen L. Fet	8	2) Odd-Kåre Fet	320
4) Ole Josten Fet	4	3) Turid B. Fet	236
5) Håkon Fedt	3	4) Anette Fet	55
Iselin Fet	3		
<b>SKOGSVEGEN DRABLØS</b>	<b>Antal</b>	<b>DAMMEN RIKSHEIMDALEN</b>	<b>Antal</b>
Antal noteringar:	<b>turar</b>	Antal noteringar: 1744	<b>turar</b>
Inga bok denne sesongen.		1) Ivar Flo	271
		2) Renathe R. Oldeide	122
		3) Astrup Kristoffersen	113
		4) Anne-Lise Erstad	103
		5) Torill-Anne Lie Aurvåg	100
<b>BRUNE STRAUMGJERDE</b>	<b>Antal</b>		
Antal noteringar: 4202	<b>turar</b>		
1) Vigdis Fure	589		
2) Inger Riksheim	572		
3) Solveig Olsen	414		
4) Kjell Olsen	185		
5) Anne Lise Hjelle	135		

## SAMLELISTA 2012

		Nr.1		Nr.2		Nr.3		Nr.4		Nr.5	
		Vigdis Fure		Inger Riksheim		Solveig Olsen		Ivar Flo		Arnhild Linga	
	Poeng	Turar	Poeng	Turar	Poeng	Turar	Poeng			Turar	Poeng
	2		0		0		0				0
Skogsvegen Hjorthol	2		0		0	1	2				0
Sætreelva Holemarka	2		0		0	1	2			0	0
Skogsvegen Fet	4		0		0	1	4				0
Brunstadsætra	4		0	1	4	1	4			117	468
Vellesætra	7		0	1	7	1	7			110	770
Dammen Riksheimdalen	7		0	7	49	2	14	271	1897		0
Brune Straumgjerde	7	589	4123	572	4004	414	2898	0	0	0	0
Høgsætra	10		0		0	1	10		0	0	0
Koppen	10		0	3	30	1	10		0	0	0
Myrdalsfjellet	10		0		0	1	10		0	4	40
Regndalen	15		0	1	15	1	15	0	0	1	15
Holetindane	30		0		0	1	30		0	7	210
<b>Sum turar og poeng</b>			<b>4 123</b>		<b>4 109</b>		<b>3 006</b>		<b>1897</b>		<b>1 503</b>

		Nr.6		Nr.7		Nr.8		Nr.9		Nr.10	
		Torhild Skogvold		Kjell Olsen		Grethe Fet		Odd-Kåre Fet		Astrid L. Drabløs	
	Poeng	Turar	Poeng	Turar	Poeng	Turar	Poeng	Turar	Poeng	Turar	Poeng
	2		0		0		0				0
Skogsvegen Hjorthol	2		0	1	2		0		0		0
Sætreelva Holemarka	2	0	0	1	2		0		0		0
Skogsvegen Fet	4		0	1	4	328	1312	320	1280	324	1296
Brunstadsætra	4	102	408	1	4	4	16	3	12	1	4
Vellesætra	7	142	994	1	7	2	14	2	14		0
Dammen Riksheimdalen	7		0	1	7		0	0	0		0
Brune Straumgjerde	7		0	185	1295		0		0		0
Høgsætra	10		0	1	10		0		0		0
Koppen	10		0	1	10		0		0		0
Myrdalsfjellet	10	2	20	1	10		0		0		0
Regndalen	15	1	15	1	15		0		0		0
Holetindane	30		0	1	30		0		0		0
<b>Sum turar og poeng</b>			<b>1 437</b>		<b>1 396</b>		<b>1 342</b>		<b>1 306</b>		<b>1 300</b>

På sluttlista vart det usedvanleg tett mellom poenga. I toppen stakk Vigdis Fure av med høgaste poengsum, men først etter hard kamp med Inger Riksheim. Sigeren vart først sikra den siste veka boka låg ute.

For i det heile å kome med på lista, må du nok ha vist ein innsats godt over det ein gjennomsnittleg mosjonist greier.

Trimgruppa takkar alle for oppslutninga i 2012 .

# Årsmelding 2012

## – Friidrettsgruppa Velledalen IL

Medlemar i gruppa:

Rolf Haxthow

Terje Aurdal

Odd Kåre Fet

Alf Petter Bøe

Hilde R. Tandstad

Ellen Marie Hole

Christina Linnea Holmberg



Arbeidet i gruppa ber framleis preg av ei leiarlaus gruppe. Gruppa skulle sjølv velje leiar, men på det eine møtet som er avvikla lukkast ikkje dette. Som ei fylgje av dette har ikkje gruppa fungert tilfredsstillande. Medlemene i gruppa har likevel delteke i ei rekkje arrangement og ved fleire høve gjort ein god jobb for laget. Men planlegginga og strategien bak arrangementa er i stor grad gjort av andre. Dei tre jentene i gruppa flytta alle ut for vidare skulegang/studiar i august 2012

### ARRANGEMENT DER GRUPPA HAR DELTEKE:

Koldabakken Grand Prix

Minikonrad

Konradløpet

Fetvatnet Rundt ikkje arrangert i 2012

Aktivitetsdag

Ramstaddalsløpet



Sjølv om deltakinga varierte sterkt, stort sett suksessfulle arrangement.

Koldabakken Grand Prix samla 15 deltakarar, éin meir enn i 2011. Kjell Magnar Berli fekk bestetid (1.45), ti sekund bak løyperekorden. Hilde Riksheim Tandstad gjorde sterke 2.01 i kvinneklassa, seks sekund føre årets komet, Solveig Beate Brunstad.

**Minikonrad** samla 112 deltakarar, som er ny rekord. Sterkaste tidene i Minikonrad hadde Solveig Beate Brunstad (4.13) mellom jentene, og Sondre Overvoll Hole frå Stranda med 3.40 mellom gutane. Ringstad skule vann skulepremien med samanlagt tida 13.07 føre Ullavik Skule med 13.33. Ingen gut frå Ungdomsskulen deltok, så bestemannspremien der brann vi inne med. Solveig Beate Brunstad vart beste (og einaste) jente frå skulen.

**Konradløpet** (det 11. i rekkja) samla nokså nøyaktig 338 deltakarar under gode forhold.

Langrennsløpararen Knut Anders Hatlen frå Stranda vann, etter hard kamp mot Aleksander Nyheim frå Tomrefjord. Hatlen drog lengste strået med tida 14.48, og sletta dermed Knut Lium sin løyperekord. Mellom jentene var Ragnfrid Aamodt frå Sykkylven raskast med tida 19.36 Elles var det vanleg opplegg med frukost, premieutdeling og film i grendahuset. Fem deltakarar over 80 år deltok. Det mest spesielle med årets løp var fordelinga mellom kjønna i hovudløpet. Den «kampen» enda utruleg nok 169-169.

**Fetvatnet Rundt fekk kvile i 2012 då vi sleit med å finne ein godt eigna dato for arrangementet**

**Aktivitetsdagen** er eit positivt arrangement der unge og eldre møtest til felles kappestrid.

Øvingsutvalet varierer litt frå år til år. Denne gongen mellom anna spydkast, idrettsmerkeprøver (spenst, løp og kast), Null-løp, hesteskokasting, plommesteinspytting. Mange gjer unna tyngda av idrettsmerkeprøvene denne dagen. Per-Gunnar Holmberg vart klubbmeister i Null-løp med 0 i avvik,

Kenneth Brunstad fekk høgast poengsum i hesteskokasting og ingen slo Torje i plommesteinspytting – som vanleg.

**Sykkylven Rundt** skulle arrangerast i samarbeid med Brøvøllsfestivalen. Terje Aurdal og Rolf Haxthow la med mykje og godt arbeid på førehand. Oppmåling av etappar, løypeskildring, innkjøp av premiar og innbyding - kort sagt alt som høyrer med. Diverre fekk karane ikkje betalt for innsatsen, då antal påmelde lag var så lavt at arrangørstaben ikkje såg seg syn med heile arrangementet. Drahjelpa frå festivalstyret var heller ikkje all verda, slik at no er heile konseptet lagt vekk i ei skuffe.

**Ramstaddalsløpet** samla 42 personar då det vart avvikla den 29. september. Som vanleg ei fin blanding av gamle og unge. Sluttida vart i år 4.01.49., Etter løpet var det sosial samling i Velledalen Naturbarnehage med kaffi, marsipankake og brus. Ynskje for seinare år er at løparane er litt raskare med påmeldinga.

**Trening: Noko av det mest positive i gruppa i arbeidsåret er at det kom i stand Konradløptrening frå mars og fram til løpet. Hovudsakleg var det Hilde som styrte dette, med litt hjelp av andre dei få gongane det ikkje passa. Frammøtesnittet låg på kring 15 gutar/jenter**

Mange har delteke i sportsleg aktivitet som sorterer under friidrettsgruppa siste året.

**Hilde Riksheim Tandstad:** KM-vinnar 400 meter junior kvinner – 67 sekund. Nr. 3 i kvinneklassa i Jordbærdilten

**Kjell Magnar Berli:** Deltok berre lokalt i 2012. Vinnar av Koldabakken Grand Prix, solid i Konradløpet og Opp på Bruna.

**Nils Terje Skylstad:** Klassevinnar i klasse 55-59 år i Eggjenipa Opp, Nr 3 i Saudehornet Opp berre 47 sekund bak klassevinnaren, sterk i Fanaråken Opp og Konradløpet

**Olaf Øien:** Ein heller roleg sesong til han å vere. Vart nummer fire i klasse 65-69 år i Nibbeløpet, der han deltek for 20 gong av 20 moglege om han stiller i 2013.

**Jo André Tandstad:** Deltok i dei lokale løpa med solid innsats. Elles: Nr 4 i klasse 23-39 år i Blåfjelden Opp, nr.11 i same klasse i Varden Opp og nr 60 i klassa i Skåla Opp.

**Jens Christian Hole:** Har representert VIL på to løp. Greidde merkekravet i Birkebeinerløpet med knapp margin, og fekk bra plassering i Fornebuløpet

**Rolf Haxthow:** Tek med Rolf Haxthow under friidrett sidan vi ikkje har sykkel. Rolf sykla Birkebeinerrittet på 3.56.31, kring tre minutt bak merkekravet

**Svein Arne Nakken:** Er skiløpar, men spring og som del av treninga. Delteke lokalt, pluss i Hornindal og i andre deler av landet.

**Sivert og Andreas Nakken:** Delteke lokalt, pluss i Hornindal der Andreas sprang «dobbel» løype, og i Lyngdal under «Tiendedelsmaraton», der Sivert vart nummer 6 og Andreas nummer 7.

**Eldar Kurseth:** Vart nr 326 i klasse 40-44 i Birkebeinerløpet på 1.44.04. Merkekravet var 1.44.05.

**Stian Mork:** Nr. 7 i klasse 20-34 år i Ålesund Halvmaraton på tida 1.35.23, og nummer 19 i klassa i Saudehornet Opp.



Nemner til slutt nokre andre kjende karar. Alf Petter Bøe som i 2012 representerte Rindals-Troll, Sverre Gunnar Brunstad (Lørenskog FIL), Roger Malvin Hole (Gjelleråsen IF) og Nancy Eggen (Noteam).

Alle desse fire har levert sportslege resultat av god kvalitet siste året. Særleg dei to B-ane, Bøe og Brunstad.

Som ein ser er aktiviteten upåklageleg mellom dei eldre. Det er sjølvsagt enno fleire som har delteke lokalt, men dei som er nemnde i årsmeldinga er slike som har delteke utanom bygda éin eller fleire gonger. Målet i framtida må vere å få litt meir fart på ungane. Skal det lukkast må gruppa sjølv ta tak.

På vegne av friidrettsgruppa og hovudlaget takkar vi dei mange som har bidrege til å få dei ulike arrangementa vel i hamn

For friidrettsgruppa  
Atle Hole